

FRIDOM FELLESSKAP FRAMTID.

VELFERD.

- ✓ I alle delar av livet er ein avhengig av velferd. For Venstre er det ei hovudoppgåve å ta seg av dei svakaste i samfunnet.
- ✓ Kommunen står overfor store endringar innan helsevesenet når det gjeld samhandling-sreforma. Ein er godt i gang med arbeidet med SHOS. Her prøver ein å samle mest mogleg av helsetilbod, også apotek. Dette arbeidet vil Venstre støtte fullt ut. Men me ser og at ein vil måtte samarbeide med nabokommunar om å få til best mogleg kompetanse på einskilde område.
- ✓ Eldre skal også ha omsorg og gode levekår, eit rikt og sosialt liv i tryggleik. Treng nokon hjelp og støtte, skal dei få det- enten heime eller på institusjon.
- ✓ Helsesystemtenesta er viktig i eit lokalsamfunn. Ikkje minst for barn og unge, men også når ein tenkjer på våre nye landsmenn. Venstre vil arbeide for at denne tenesta vert styrka endå meir.
- ✓ Det må verta like sjølvsgagt å få hjelp innan rus- og psykiske lidingar som i andre delar av primærhelsetenesta.
- ✓ Sogndal kommune arbeider med sosial bustadbygging. Dette arbeidet støttar Venstre



Eva Ramstad

1. kandidat til kommunestyret

Venstre vil at alle elevar skal få god og tilpssa opplæring. For å gi elevar og lærarar eit best mogleg tilbod, ynskjer eg å flytte Trudvang skule til Kvåle. Eg ynskjer også fleire kulturtilbod i kulturhuset.

Venstre er det sosialliberale partiet i Noreg. Partiet er fritt for særinteresser og interessegrupper. Utgangspunktet vårt er det enkelte mennesket sin personlege fridom, ein fridom som samstundes gir oss ansvar for oss sjølve, for kvarandre, for fellesskapet og for heile miljøet. Om det skal verta eit godt samfunn å leva i, treng ein velferd i alle faser av livet, gode utdanningsmoglegheiter, verdiskapingsvekst og at miljøet vert teke vare på for notid og framtid. Venstre har sterk tru på skaparevna, kreativiteten og ansvarskjensla til det einskilde menneske. Og folk skal heile vegen komma før system.

Venstre sine kandidatar i Sogndal



2. Christen Knagenhjelm

Styrk demokratiet ved aktivt å ta del i kommunereforma! Verksemdar, landbruk, reiseliv er viktige for arbeidsplassar, mattilgang og kulturlandsskap.



3. Merete Holm Wikan

Gode oppvekstvilkår og styrka helsetjeneste for born og unge. Høgskulen i Sogn og Fjordane er viktig for utviklinga i regionen vår.



4. Eyvind Øgar

Ta vare på tradisjonar og særpreg. Tettstadutvikling i kommunen må planleggast betre. Større reguleringsplanar bør ha konsekvensutgreiing.



5. Louis Anda

Sykkelsti frå Sogndal til både Leikanger og Kauganger. Kommunale el-bilar og betre kollektivtrafikk i heile kommunen. Miljøprofil på eigedomsskatt.



6. Ingunn Torstad Løvik

Nyskapande friluftsliv er viktig for unge og gamle, og bør utviklast i samarbeid med landbruksinteressene. Fleirbrukshall er viktig å få bygd.

7. Jo Marius Bøyum

- 8. Maria Collett Knagenhjelm
- 9. Halvor Gregusson
- 10. Trude Ramstad
- 11. Kristian Systad
- 12. Marit Sandvik
- 13. Torbjørn Dale
- 14. Mojgan Arjang
- 15. Øyvind Barsnes
- 16. Laila Wigum
- 17. Bjarte Haugen
- 18. Inger Hågård
- 19. Jon Farestveit
- 20. Kjetil Dahl
- 21. Stein Joar Hegland
- 22. Else Mundal
- 23. Gaute Dvergsdal Bøyum
- 24. Sigrid Orrestad
- 25. Peter D Hovgaard
- 26. Kari Johanne Yttri
- 27. Nils Tore Opheim
- 28. Rigmor Rebni
- 29. Paul Hough
- 30. Bjørg Rimeslatten

Les meir om kandidatane og kva dei meiner på nettstaden vår

VENSTRE ER OPPTOKEN AV LOKALDEMOKRATIET OG AT FOLK KJEM FØRST I ALLE SAMANHENGAR.



VENSTRE

Foto: Gaute D. Bøyum

Sogndal kommune

SOGNDAL VENSTRE

VENSTRE
Folk først.



Prioriterar skule, miljø, velferd og verdiskaping

BARNEHAGE OG UTDANNING.

- ✓ God og tilstrekkeleg barnehagedekning er ikkje berre eit gode for barna, men og eit gode for at fok vil koma til kommunen vår og busetje seg her.
- ✓ Venstre vil framleis arbeida for at måltalet for pedagog i barnehage skal attende til tre. Likeeins ser ein trongen for ein ny barnehage i sentrum og vil arbeida for å få denne realisert. Men ein må tenkje nøye gjenom plasseringa, ikkje vil vi ta god matjord og ikkje vil vi vera avhengig av mykje køyring til og frå.
- ✓ Når det gjeld grunnskuleutdanninga i kommunen, er den god. Det er laga gode planar og ein arbeider vidare med planar innan skuleverket. Det er naudsynt at desse planane vert gjennomført til beste for elevane. Dette må takast omsyn til i budsjettarbeidet. Det er alltid noko som kan verta betre. Det trengs m.a. eit IKT-løft i skulen. Og det trengs at ein heile tida arbeider for at kompetansen er til stades på lærarsida- slik at alle elevar kan få best utvikling i kunnskapsnivå, gode grunnleggjande ferdigheiter og tru på eigne krefter. Alle elevar har krav på individuell læring-

utvikling og ein kompetent pedagog.

- ✓ Venstre meiner det ville vera ein styrke for grunnskulen i sentrum om heile vart samla på Kvåle.
- ✓ Det er viktig med gode overgangar frå det eine skulesteget til det andre.
- ✓ Kommunen vår bør vera med å tilretteleggje for lærlingeplassar.
- ✓ Sogndal kommune er vertskommune for mange elevar i utdanning. Det er eit ansvar me skal ta på alvor, både når det gjeld vidaregåande skule og ikkje minst for studentane ved høgskulen.
- ✓ Venstre ser på høgskulen i Sogn og Fjordane som ein viktig byggjekloss for utviklinga i fylket. Både som viktig partnar i opplærings- og utdanning-soppdraget til grunnskulane og dei vidaregåande skulane og som regional utviklingsaktør. Me støtter Høgskulen sitt ynskje om å vera sjølvstendig institusjon. På den andre sida ser me at det er avgjerande for skulen at dei sikrar seg gode samarbeidspartnarar for å møte framtida, både fagleg og økonomisk.
- ✓ Venstre satsar på SKULEN og LÆRAREN som viktige «arbeidsreiskap».



MILJØ.

- ✓ Å ta vare på naturen (jord, luft, vatn og biologisk mangfald) er avgjerande for eksistensen vår. Det har verdi i seg sjølv, både no og i framtida. For Venstre er det viktig med grøn vekst, altså bruke dei fornybare ressursane til verdiskaping utan å øydeleggje dei, til beste for alle.
- ✓ I Sogndal har me flott natur rundt oss. Naturparkar med fjella og fjorden. Det er vår plikt at desse godene vert tekne vare på, men og at me legg til rette for at menneska kan nytte godt av dei.
- ✓ Venstre vil at det skal gjerast ein betre innsats for reinsing av kloakk før den går i fjorden.

- ✓ Likeeins vil me at miljølova skal vera ein reell overordna lov. Då kommunen ikkje har miljøvernstilling, er det viktig å vera bevisst på dette. Naturen og ressursane skal forvaltast for kommande generasjonar.
- ✓ Venstre vil arbeide for gang- og sykkelstiar i alle delar av kommunen.
- ✓ Ved fortetting av sentrum er det nødvendig å få mest mogleg parkering under jorda. Trafikken i Gravensteinsgata må ein gjera noko med. Likeeins bør det verta ei «miljøgate» i Fjørevegen. Det bør tilrettelleggjast for god kollektivtrafikk i heile kommunen, viktig for barn/unge og eldre – og for miljøet.

- ✓ Der kommunen har trong for bilbruk, vil Venstre at dei satsar på el-bilar.
- ✓ Det er vedteke at det skal verta eit tettare sentrum. Venstre vil at det skal verta eit grønt, godt og estetisk sentrum. Her bør ein sørge for at kommuneplanleggjarar søkjer arkitektkompetanse i høve til utbygging og fortetting.
- ✓ Venstre vil ha eit levande og variert sentrum der ein tek vare på verneverdige trehus og skapar gode «byrom» for bebuarane.
- ✓ Fysisk fostring er eit samfunnsgode. Me ser at kommunen vår har for liten hallkapasitet i sentrum etter kvart. Venstre ser det som eit godt arbeid å få på plass ein ny fleirbrukshall på Kvåle.

VERDISKAPING.

- ✓ Venstre vil ha eit allsidig, breidt og nyskapande næringsliv. Kommunen må leggje til rette for meir innovasjon. Det bør vera godt for grundarar å etablere seg og vidareutvikle bedriftene sine her. Campusområde må styrkast i å utvikle seg enda meir. Ein må hjelpe til å skapa nye verdiar og ikkje minst grøn vekst.
- ✓ Ein skal og ta vare på og vidareutvikle eksisterande næringsliv. Her kan ein tenkje miljøprofil på eigedomskatten.
- ✓ Reiselivet har stort potensiale i Sogndal kommune. Det er vedteke at me skal prøve å ha nyskapande friluftsliv. Dette bør byggjast vidare på, i god dialog og i samarbeid med ulike

aktørar elles i kommunen.

- ✓ Primærnæringar er alltid viktige i einkvar kommune. Venstre meiner at jordbruk- og skogbruknæringar må ivareta kast og vidareutviklast. Landbruk er viktig for busetnad, biologisk mangfold, kulturlandskap og matvareproduksjon. Lokal matvareproduksjon er viktig for lokalbefolkningen, me bør m.a. arbeide for skikkeleg torghandel. Lokale matvarer er og interessant i turistsamanheng.
- ✓ Kultur og næring kan henge nøye saman. I Sogndal er det eit regionalt kulturhus. Dette bør ein utvikle og bruke for alt det er verdt. I eit sosialliberalt samfunn skal kulturen avspegle breidde og mangfold. Kunst, kultur, kulturhus og kulturskule skulle kunne gje gode samspelsmoglegheiter innan kultur og næring. Venstre vil at det frivillige kulturlivet også skal kunne nytte seg av Kulturhuset.
- ✓ Frivillege lag og organisasjonar spelar ei stor rolle i alle lokalsamfunn. Desse bør få gode kår.
- ✓ Sogndal Venstre vil ha ein kreativ og verdiskapande kommune, både i næringsliv og kultur.
- ✓ Sogndal Venstre er for kommunesamanslåing der det er felles bu- og arbeidsmarked. Ei sammanslåing skal komme bebuarane til gode, anten som styrke i næringslivet, betre tenester eller tilføre meir eller betre kompetanse på ulike område.